

SOGN OG FJORDANE RYTTARKRINS

Oppdatert 21.02.2023

STATUTTAR FOR CUP I SPRANG, DRESSUR OG KØYRING

Sogn og Fjordane Rytterskrets sin cup er open for ekvipasjar som er medlem i ein rideklubb tilslutta SFRK. Alle som deltek på stemner som inngår i cupen er automatisk med. Deltakinga er gratis.

Stemner frå og med D-stemner i cup-året er teljande. Ein samlar poeng frå kvar omgang, og den med MEST poeng vinn cupen!

Krav til gjennomføring er;

- 3 anmeldte og 3 startande ekvipasjar i kvar omgang.
- Kvar ekvipasje må ha minimum 2 teljande omgangar frå minst 2 forskjellige stemner. For dressur må man ha 3 teljande omgangar frå minst 3 forskjellige stemner, med unntak av MC.
- Kvar omgang skal avviklast som open klasse.
- Det er antall startande i klassen som er avgjerande for poengutrekning

Følgjande nivå er med i sprangcupen:

0,70 m	(Alle høgder mellom 70-79 cm inngår)
0,80 m (LD)	(Alle høgder mellom 80-89 cm inngår)
0,90 m (LD+10)	(Alle høgder mellom 90-99 cm inngår)
1,00 m (LC)	(Alle høgder mellom 100-109 cm inngår)

Følgjande nivå er med i dressurcupen:

LC
LB
LA
MC

Følgjande nivå er med i køyrecupen:

Utdanning	dressur partalsår/presisjon oddetalls år
Lett	dressur partalsår/presisjon oddetalls år
Middels	dressur partalsår/presisjon oddetalls år

- Kva bedømming eller dressurprogram som skal nyttast er det opp til arrangørklubben å avgjere.
- Det er stemner satt opp på terminlista som er gjeldande i cupen. Dersom stemner utgår/flyttast og erstattast kan styret i krins avgjere om nye stemner skal inngå. Dette må i så fall informerast om i god tid. Cupen skal helst ha likt antall stemner som oppsett på terminlistemøte og ca. same geografiske fordeling.
- Arrangørklubb av dei ulike delane i cupen står for praktisk og økonomisk gjennomføring og syter for premiering av dei opne klassane.
- Krinsen held sløyfar og premiar til 1. 2. og 3. plass samanlagt i kvart nivå, samt dekken til vinnaren. Ved kun tre startande delast det ut premie til 1. og 2. plass samanlagt.
- Deltaking på dag 1 av KM (Dressur og sprang) gir 1,5 ganger cuppoeng.
- I siste omgang blir det delt ut 2 ganger cuppoeng.

SOGN OG FJORDANE RYTTARKRINS

Oppdatert 21.02.2023

- Samanlagtpremiering vil gå føre seg på siste cupstemnet. Dekken blir delt ut på terminlistemøte. Ved eventuell likeplassering vil resultat i siste omgang telje for plassering. Ved fortsatt likeplassering ser man til siste stemnet før dette.
- Ved eventuell oppnådd plassering i 2 klassar i same grein blir kun den høgste klassen teljande og oppnådd resultat i lavaste klasse blir stroket.
- I dressurcup kan det i LC og LB ikkje plasserast ekvipasjar som har oppnådd 65% eller høgare i nivået over eller høgare før cupstart. I sprang vil det same gjelde for 0,70m og 0,80 m der ekvipasjar med godkjent resultat i nivået over ikkje plasserast i cup. For køyring vil det same gjelde i utdanning og lett der man hhv ikkje kan ha oppnådd 60% eller høgare i nivå over på dressurkøyring og godkjent resultat i presisjon på nivå over.
- Resultatliste blir fortløpande lagt ut på nettsida til krinsen

Poengtabell:

Antall startende►	16	15	14	13	12	11	10	9	8	7	6	5	4	3
Plass ▼														
1	20	19	18	17	16	15	14	13	12	11	10	9	8	7
2	17	16	15	14	13	12	11	10	9	8	7	6	5	4
3	15	14	13	12	11	10	9	8	7	6	5	4	3	2
4	13	12	11	10	9	8	7	6	5	4	3	2	1	
5	12	11	10	9	8	7	6	5	4	3	2	1		
6	11	10	9	8	7	6	5	4	3	2	1			
7	10	9	8	7	6	5	4	3	2	1				
8	9	8	7	6	5	4	3	2	1					
9	8	7	6	5	4	3	2	1						
10	7	6	5	4	3	2	1							
11	6	5	4	3	2	1								
12	5	4	3	2	1									
13	4	3	2	1										
14	3	2	1											
15	2	1												
16	1													

- Dersom det er fleire enn 16 startande i ein cup-klasse, utvidast poengskalaen etter same mønster som i tabellen.
- Ved likeplassering i klassen for eksempel 2 på 4. plass legges poengene for 4. og 5. plass sammen og deles.